



DOVRE KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/1106-9

Saksbehandler: Kari Bentsdal

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2024/27	04.06.2024	Plan-, nærings- og utviklingsutvalget

Bevaring av verdifull natur - utviding av Fokstumyra NR - høyringsuttale

Vedlegg

- 1 Bevaring av verdifull natur – utvidelse av Fokstumyra naturreservat - Høring.pdf
- 2 Høringsdokument_Verneplan_Bevaring av verdifull natur_Utv. Fokstumyra NR.pdf
- 3 Fokstumyra_utvidelse_A4_L_høring_ny.pdf
- 4 Alle uttalelser til oppstart_FOKSTUMYRA Utv.pdf

Saksutgreiing:

Statsforvaltaren har i brev datert 23.04.2024 sendt ut forslag til utviding av Fokstumyra naturreservat i Innlandet på høyring. Forslaget gjeld i alt ca. 531 dekar, der ca. 400 dekar er deltaområde og myr og 131 dekar er innsjø. Dagens naturreservat er på 17.980 dekar (verneforskrift seier ca. 18.000). Høyringsfrist er sett til 20.juni 2024.

Høyringsdokumenta omfattar

- omtale av området (planbeskrivelse)
- utkast til revidert verneforskrift
- forslag til avgrensing av utvidinga av naturreservatet vist i kart

Statsforvaltaren ynskjer spesielt tilbakemelding på følgjande:

- *Eventuelle konflikter med andre interesser. Vi ber om at slike konflikter beskrives mest mulig konkret, for eksempel hvilken del av området det gjelder, og hvilken justering av grenser og/eller bestemmelser i verneforskriften som vil være nødvendig for å løse eller redusere konflikten.*
- *Utkast til verneforskrift og eventuelle merknader til spesielle forhold. Også her ber vi om mest mulig konkrete opplysninger og forslag til mulige løsninger.*
- *Om det er behov for skjøtsel og tiltak, samt innspill til forvaltningen av områdene. - Eventuelle feil i høringsutkastet.*

Verneplanarbeidet er eit ledd i arbeidet med *Bevaring av verdifull natur*, som er forankra i Stortinget og Meld. St. 14 (2015-16) *Natur for livet*. Arbeidet er tidlegare omtalt som *Supplerande vern*. Målet

med vernearbeidet er å verne verdifull natur som det er verna for lite areal av tidlegare i Norge. Vernet skal bidra til å gjere naturen meir robust i forhold til klimaendringar og andre faktorar som påverkar naturverdiar negativt, og sørge for betre økologiske samanhengar.

Naturreservat er eit strengt vern som m.a. inneber forbod mot fysiske inngrep og motorferdsel og det strengast vernet etter naturmangfaldslova. Føremålet med naturreservat er å verne områder som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur eller på anna måte har særleg verdi for biologisk mangfald. Vernet kan i tillegg gjelde område med spesielle geologiske førekomstar eller som har særskilt naturvitskapleg verdi.

Oppretting av det utvida naturreservatet skal skje med heimel i naturmangfaldsloven §37 og saksbehandling følgjer denne lova §§ 41-43. Vernet skal ikkje vera strengare enn nødvendig. Statsforvaltaren i Innlandet (SFI) vurderer at det aktuelle området har stor verdi som hekke- og rasteplass for våtmarksfugl og at det følgeleg har svært viktig verdi for biologisk mangfald. Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg naturfagleg dokumentasjon for forslaget til vern. Dei meiner å ha oversikt over den økologiske tilstanden til det aktuelle området og vidare å ha oversikt over bestandsituasjonen til dei ulike aktuelle artane, samt utbreiing av naturtypar som inngår i foreslått verneområdet. Dette er naturtypane myr, våtmark og innsjø, som er rekna som trua naturtypar. SFI meiner at eit vern ikkje vil få utilsikta negative verknader på det aktuelle området og at vern vil redusere den samla negative belastninga på området.

Dovre kommune har vorte godt orientert undervegs i verneprosessen så langt. Følgande er milepålar i prosessen og møter der kommunen har deltatt:

01.03.2023 – møte mellom SFI, rådmann, sjef for PNU avdeling og kommuneplanleggjar

Statsforvaltaren i Innlandet (SFI) informerte rådmannen, sjef for PNU avdelinga og kommuneplanleggaren, om prosess og der kommunen fekk høve til å kome med forslag til areal det kunne vera aktuelt å verne som del av oppdraget *Bevaring av verdifull natur – mindre verneområder*. SFI presenterte til saman åtte aktuelle kandidatområder, der utviding av Fokstumyra naturreservat blei presentert som det mest aktuelle. SFI understreka i møtet at:

Kommunene skal involveres i utvelgelse av kandidatområder før det startes formelle verneplanprosesser og gis adgang til å foreslå alternative områder. Forutsetningen er at slike alternative kandidatområder har omtrent samme naturfaglige kvaliteter som områdene på lista for «Bevaring av verdifull natur».

Vidare:

Statsforvalteren har i valg av områder benyttet seg av de fire kriteriene som Miljødirektoratet har lagt til grunn for arbeidet, dvs.: representativitet, truethet, robusthet og økologisk nettverk. Vi har i tillegg hatt et særlig fokus på ansvarsnaturtyper og ansvarsarter.

Forslaget omfatter både nye områder og utvidelse av eksisterende verneområder.

28.03.2023 – SFI orienterer PNU utvalet i Dovre

Statsforvaltaren i Innlandet (SFI), ved saksbehandlar Marie-Louise Olsen, informerte

05.05.2023 – Møte mellom SFI, Statskog SF og kommuneplanleggaren i Dovre

Statsskog blei som grunneigar i det aktuelle området som utvida vern, invitert til møtet med SFI. Dovre kommune deltok på møtet. Følgande er kortfatta referat frå dette møtet:

- *Statskog er innforstått med at Fokstumyra utvides i Vålåsjøen som overveiende innbefatter Statskog grunn.*
- *Statskog forutsetter at dagens bruk kan fortsette og at dette blir ivaretatt i verneforskriften. Dagens bruk gjelder:*
 - *Stangfiske.*
 - *Garnfiske for de som har rett til det.*
 - *Jakt på hjortevilt.*
 - *Vedlikehold og bruk av naust og hytter.*
 - *Motorisert ferdsel på veier (Sandåsætervegen og sideveier til E6).*
 - *At kablene som er gravd ned parallelt og inntil Sandåsætervegen skal kunne vedlikeholdes.*
- *I spørsmålet til reservatgrensen langs E6 er det i utgangspunktet tanken at hytter og naust grenses utenfor reservatet i det omfang det er mulig. Likevel pratet vi på møtet om disse små bygg er best framtidssikret dersom de ligger innenfor reservatet. Naustene har i en viss utstrekning lokalhistorisk verdi. Statskog er for sin del så langt åpen for tanken om eventuelt å innlemme disse i verneområdet dersom den eksisterende bruken blir ivaretatt i verneforskriften.*

23.05.2023 – Møte mellom SFI, Bane NOR og kommuneplanleggeren i Dovre

Bane NOR blei som grunneigar på tilgrensande areal til det aktuelle området som utvida vern, og som part i saken, invitert til møtet med SFI. Dovre kommune deltok på møtet. Bane NOR kom med skriftlege tilbakemelding etter møtet, med følgende tekst:

Dovrebanen er viktig for gods- og persontrafikk mellom Østlandet og Trøndelag/Nord-Norge. Bane NOR ønsker i størst mulig grad mulighet til å kunne gjennomføre ordinær drift og vedlikehold av Dovrebanen med tilhørende atkomst uten å måtte søke om tillatelse. Det ble gitt signaler i møtet om at framtidig grense for den nye delen av naturreservatet settes fem meter fra Sandåsætervegen der denne går langs Dovrebanen, slik at ikke mer av Dovrebanen enn i dag blir omfattet av vernebestemmelser. Vi er positive til en slik avgrensning. Bane NOR ber om at framtidig grense for reservatet settes i samme avstand også der vegen går i kanten av nåværende reservat, dvs strekningen fra E6 mot Dovrebanen. Hvis dette ikke kan etterkommes, bør forskriften gis en bestemmelse som ivaretar rett til uhindret vedlikehold og ferdsel på vegen uten søknadsplikt. Med bakgrunn blant annet i at ny og opprinnelig del av naturreservatet forventes å få ulike sett bestemmelser i forskrift, håper vi dette kan la seg gjøre.

30.05.2023 – Saken blei tatt opp i PNU utvalet i kommune som orientering/drøfting.

Følgande er protokoll frå møtet:

PS 26/2023 – Orienteringer/drøftinger:

RS 56/2023: - Fokstumyra naturreservat-utvidelse

Statsforvalteren informerte om status i prosessen.

- *Møte med kommunen (2 møter med PNU-utvalget, det siste 30.05.23)*
- *Møte med Statskog (grunneier)*
- *Møte med Bane NOR (grunneier)*
- *Høring etter sommeren*

- Synspunkter fra drøftingen ble notert av SFI
 - **Oppsummering PNU: Skepsis til å innlemme naustene mot E6 i verneområdet.**

09.11.2023 - Varsel om oppstart av verneprosessen

I brev datert 09.11.2023, blei det varslet om oppstart av verneprosess for utviding av Fokstumyra NR. Saken blei i tillegg publisert på nettsida til Statsforvaltaren og annonsert i lokalavisa Vigga. Frist for innspel var satt til 11. desember 2023. Følgande kom med innspel (dei viktigaste momenta i innspela til oppstart er gjengjeve i høyringsdokumentet):

- Direktoratet for mineralforvaltning
- Språkrådet
- Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE)
- Statens vegvesen
- Bane NOR
- Landbruksdirektoratet
- Birdlife Norge avd. Oppland
- Forsvarsbygg
- Ole Håkon Flatøy
- Martin Jensen Methlie
- Hans Martin Lie
- Ellen Margrethe Storrusten
- Innlandet fylkeskommune
- Svein Toftemo
- Harald Ødegård
- Dovre fjellstyre

29.01.2024 – Møte mellom SFI v/ Vebjørn Knarrum og Marie-Louise Olsen, Statskog SF v/ Runar Myhrer Rueslåtten, Dovre fjellstyre / Rune Elnan og Dovre kommune v/ kommuneplanleggar Kari Bental

Bakgrunnen for møtet var innspel gjeve av Fjellstyret, knytt til utviding av Fokstumyra NR, der tema som SFI ikkje var kjend med tidlegare kom fram. Innspela gjaldt følgande tema:

- Fiske i Vålåsjøen; fiske frå båt, stongfiske, fiske med oterfjøl, garnfiske.
- Forsøk med rydding av vegetasjon i deltaet som følger av gjengroing.
- Jakt på bever, slik kommunen opna opp for i 2020.
- Jakt/fangst av villmink som invasjonart.

Andre ting som blei diskutert var:

- Kantsone langs Vålåsjøen
- Vintervedlikehald av Sandåsætervegen
- Motoriserte båtar (EL motor)
- Behov for å mudre/fjerne sedimenter ved opptrekk og utsetting av båtar.

23.04.2024 - Forslag til utviding av Fokstumyra naturreservat i Innlandet blir sendt ut på høyring.

Høyringsfrist er sett til 20. juni 2024.

Vidare saksgang:

- Statsforvaltaren samanstillir og svarer ut alle høyringsinnspel og gjer eventuelt endringar i verneforslaget.
- Statsforvaltaren sender fagleg tilråding til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vurderer tilrådinga og utarbeider innstilling til Klima- og miljødepartementet med framlegg til verneforskrift og avgrensing.
- Klima- og miljødepartementet samordnar tilrådinga med andre aktuelle departement og førebur saken for behandling i regjeringa.
- Vernevedtak blir sett av Kongen i statsråd gjennom kongeleg resolusjon.

Vurdering:

Rådmannen meiner Dovre kommune har vorte godt orientert om saken heilt frå oppstart av prosessen i byrjinga av 2023. Kommunen har hatt høve til å kome med innspel både i møter og i etterkant av møter, samt til varsel om oppstart.

Dovre kommune har vore spesielt opptatt av at partane i saken og brukarane av Vålåsjøen er og blir godt informert og ivaretatt. Rådmannen opplever at partane har vorte godt teke vare på og det har vore møter og særmøter der det har vore god dialog og god forståing for verdiane i det aktuelle området både med omsyn til verneverdiar og til verdiar knytt til bruk/ rekreasjon/ friluftsliv/ landbruk.

Rådmannen ser at Statsforvaltaren i Innlandet har gode naturfaglege grunner til å foreslå utvida verneområde for Fokstumyra naturreservat og at vurderingane som er gjort er basert på grundig kunnskap om artar, økosystem og naturtypar. Ei utviding av naturreservatet vil verne om desse viktige verdiane og bidra til å nå internasjonale mål og forpliktelser, samt bidra positivt i forhold til å motverke klimaendringar og effekten av slike endringar.

Dovre kommune er ein kommune med få gode fiskevatn og der Vålåsjøen er eit av desse og mykje brukt året rundt. Ein innlemming av deltaområdet og vestlege deler av innsjøen i naturvernområde vil i nokon grad redusere høve til å drive friluftsliv, inkl. fiske og fangst, i kommunen. Rådmannen meiner likevel at vurderinga til SFI om å verne dette området, på grunn av svært viktige og sårbare naturverdiar, er rett. Rådmannen ønsker ikkje å stille spørsmål om foreslått vernegrense og meiner at SFI sit med avgjerande kunnskap og har gjort ein grundig vurdering i forhold til nødvendig omfang av vernearealet.

Rådmannen er opptatt av at drift og vedlikehald av jernbane og europavegen skal kunne gå føre seg på hensiktsmessig måte og i tilstrekkeleg omfang og meiner at dette er godt teke vare på i forslag til vernegrenser og til verneføresegner.

Rådmannen meiner at landbruket er tilstrekkeleg godt teke vare på i forslaget til utviding av naturreservatet.

Rådmannen meiner at interessene til eigarar av hytter, naust, buer og garasjar, som er berørt av verneforslaget, er tilstrekkeleg godt teke vare ved at avgrensing av verneområdet så godt det let seg gjere er tilpassa eigendomar og at føresegnene så langt det let seg gjere tek omsyn til behov for vedlikehald og til bruksinteresser.

Rådmannen kan ikkje sjå at interesser knytt til sykling langs Sandåsætervegen er ivaretatt gjennom unntak frå forbod mot ferdsel. Rådmannen ønsker at dette blir ivaretatt.

Rådmannen stiller spørsmål ved om det er hensiktsmessig å forby uttak av villmink, som er ein svartelista art, i det framtidige verneområdet og at uttak av villmink berre skal kunne foregå etter søknad. Rådmannen tenker uttak av villmink bør kunne gå føre seg faste deler eller heile året, og da av kvalifisert personell og ber Statsforvaltaren gjere ei ny vurdering av dette.

Rådmannen si innstilling:

PNU utvalet vedtek:

1. Dovre kommune meiner prosessen med utvida vern av Fokstumyra naturreservat så langt har vore god og grundig, der partane i tilstrekkeleg grad har vorte informert og har fått kome til orde.
2. Dovre kommune ser at Statsforvaltaren i Innlandet har gode naturfaglege grunner til å foreslå utviding av verneområdet Fokstumyra naturreservat og at vurderingane som er gjort er basert på grundig kunnskap om artar, økosystem og naturtypar. Ei utviding av naturreservatet vil verne om desse viktige verdiane og bidra til å nå internasjonale mål og forpliktelser, samt bidra positivt i forhold til å motverke klimaendringar og effekten av slike endringar. Dovre kommune er positive til føremålet med vernet og til utviding av verneområdet til Fokstumyra naturreservat.
3. Dovre kommune ønsker ikkje å stille spørsmål om foreslått vernegrense og meiner at SFI sit med avgjerande kunnskap og har gjort ein grundig vurdering av om omfang av verneareal er tilstrekkeleg, sett opp mot verneføremålet.
4. Dovre kommune har følgande innspel til forslag til verneføresegner:
 - a) Rådmannen kan ikkje sjå at interesser knytt til sykling langs Sandåsætervegen, som del av sykkelvegen over Dovrefjell, er ivaretatt. Dovre kommune ønsker at dette blir ivaretatt gjennom unntak frå ferdselsforbod og da under §6, *generelle unntak fra ferdselsbestemmelser*.
 - b) Dovre kommune stiller spørsmål ved om det er hensiktsmessig å forby uttak av villmink, som er ein svartelista art, i det framtidige verneområdet og at uttak av villmink berre skal kunne gå føre seg etter søknad. Dovre kommune tenker uttak av villmink bør kunne gå føre seg fast deler av eller heile året, og da av kvalifisert personell, og ber Statsforvaltaren gjere ei ny vurdering av dette.

Plan-, nærings- og utviklingsutvalgets behandling av sak 27/2024 i møte den 04.06.2024:

Behandling

Ida Amble Ruge, Dovre AP, kom med følgende endringsforslag:

- Tillegg, punkt 4a): "Dette må og opne for bruk av el.sykkel".
- Nytt pkt. 3:

- "Dovre kommune ønskjer å redusere vernegrensa slik den er foreslått av SFIN. Dette fordi deler av området som er foreslått er aktivt brukt til fiske, inkludert garnfiske. For å ivareta fiskebestanden, er det viktig å legge til rette for fiske i vatnet. Dovre kommune doreslår difor å trekke vernegrensa inn til sørsida av nausta på vestsida av sjøen (sjå vedlagte kart).

Vedtak:

- Ida Amble Ruge sine endringsforslag ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Vedtaket blir etter dette:

1. Dovre kommune meiner prosessen med utvida vern av Fokstumyra naturreservat så langt har vore god og grundig, der partane i tilstrekkeleg grad har vorte informert og har fått kome til orde.
2. Dovre kommune ser at Statsforvaltaren i Innlandet har gode naturfaglege grunner til å foreslå utviding av verneområdet Fokstumyra naturreservat og at vurderingane som er gjort er basert på grundig kunnskap om artar, økosystem og naturtypar. Ei utviding av naturreservatet vil verne om desse viktige verdiane og bidra til å nå internasjonale mål og forpliktelser, samt bidra positivt i forhold til å motverke klimaendringar og effekten av slike endringar. Dovre kommune er positive til føremålet med vernet og til utviding av verneområdet til Fokstumyra naturreservat.
3. Dovre kommune ønskjer å redusere vernegrensa slik den er foreslått av SFIN. Dette fordi deler av området som er foreslått er aktivt brukt til fiske, inkludert garnfiske. For å ivareta fiskebestanden, er det viktig å legge til rette for fiske i vatnet. Dovre kommune doreslår difor å trekke vernegrensa inn til sørsida av nausta på vestsida av sjøen (sjå vedlagte kart).
4. Dovre kommune har følgande innspel til forslag til verneføresegner:
 - a. Rådmannen kan ikkje sjå at interesser knytt til sykling langs Sandåsætervegen, som del av sykkelvegen over Dovrefjell, er ivaretatt. Dette må og opne for bruk av el.sykkel. Dovre kommune ønsker at dette blir ivaretatt gjennom unntak frå ferdselsforbod og da under §6, *generelle unntak frå ferdselsbestemmelser*.
 - b. Dovre kommune stiller spørsmål ved om det er hensiktsmessig å forby uttak av villmink, som er ein svartelista art, i det framtidige verneområdet og at uttak av

villmink berre skal kunne gå føre seg etter søknad. Dovre kommune tenker uttak av villmink bør kunne gå føre seg fast deler av eller heile året, og da av kvalifisert personell, og ber Statsforvaltaren gjere ei ny vurdering av dette.